

Arkivsaksnr: 2013/3033-0

Sakshandsamar: Trond Stensby

Dato: 02.05.2013

Utval	Utvalssak	Møtedato
Arbeidsutval - Nasjonalparkstyret for Reinheimen		03.05.2013

## Finndalen landskapsvenområde - dispensasjon - bruk av snøskuter - TV2

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i verneforskrift for Finndalen landskapsvernrområde § 3, pkt 5.1 får TV2 avslag på sin søknad om bruk av helikopter eller snøskuter i samband med reportasjeoppdrag i Finndalen landskapsvernrområde.

### Saksopplysningar

TV2 v. Finn Erik Robstad har i e-post av 2. mai 2013 fremma følgjande søknad:  
*«Jeg søker med denne mail herved om tillatelse om å få kjøre scooter, evt helikopter inn til Rolv Kristen Øygards seter i Finndalen. Søknaden gjelder filming til redaksjonell bruk i TV 2, med tillatelse fra Rolv Kristen Øygard.»*

*TV 2 har vært i kontakt med nasjonalparkforvalter Trond Stensby som er informert om at vi søker om dette.*

*Spørsmål om utdypelse i forhold til søknaden rettes til reporter Finn Erik Robstad. Helst pr telefon på nr 99348704.*

*Ønsker svar på søknaden så raskt som mulig. Gjerne i løpet av morgendagen ( fredag 3.mai)»*

Kartutsnitt:



## Vurdering

Det er søkt om bruk av snøskuter eller helikopter i samband med reportasjeoppdrag for innhenting av redaksjonelt stoff.

Søknaden må behandlast etter verneforskrifta for Finndalen landskapsvernområde, § 3, pkt 5.1:

*«Motorferdsel til lands og på vatn og landing med luftfartøy er forbode.»*

Verneforskrifta opnar for motorferdsel på open veg i Finndalen. Verneforskrifta opnar ikkje for bruk av snøskuter eller helikopter for føremål som TV2 søker om.

Søknaden må derfor behandlast som ein søknad om dispensasjon etter naturmangfaldlova § 48:

*«Forvaltningsmyndigheten kan gjøre unntak fra et vernevedtak dersom det ikke strider mot vernevedtakets formål og ikke kan påvirke verneverdiene nevneverdig, eller dersom sikkerhetshensyn eller hensynet til vesentlige samfunnsinteresser gjør det nødvendig.*

*I avveiningen mellom øvrige vesentlige samfunnsinteresser og hensynet til verneområdet skal det særlig legges vekt på verneområdets betydning for det samlede nettverket av verneområder og om et tilsvarende verneområde kan etableres eller utvikles et annet sted. Tiltakshaveren kan pålegges å bære rimelige kostnader ved ivaretagelsen, opprettelsen eller utviklingen av et slikt tilsvarende område.*

*Trenger et tiltak tillatelse både etter verneforskriften og etter annet lovverk, kan tiltakshaver velge å søke om tillatelse parallelt. Vedtak skal i slike tilfeller først fattes etter verneforskriften, dersom ikke annet følger av verneforskriften eller forvaltningsmyndighetens samtykke.*

*Søknad om dispensasjon etter første ledd skal inneholde nødvendig dokumentasjon om tiltakets virkning på verneverdiene. I dispensasjon etter første ledd skal begrunnelsen for vedtaket vise hvordan forvaltningsmyndigheten har vurdert virkningene som dispensasjonen kan få for verneverdiene, og hvilken vekt det er lagt på dette.»*

I Forvaltingsplan for Reinheimen er det lagt ei generell retningsline om at bruk av snøskuter skal skje før 20. april. I denne samanhengen er det rett å gjere tllsvarande vurdering gjeldande for bruk av helikopter.

Søknaden gjeld innhenting av redaksjonelt stoff, og ikkje dekking av ei aktuell hending på staden. Forvaltaren meiner såleis at TV2 kan gjennomføre sine reportasjeoppdrag i ei tid på året då bilvegen er open, utan at det går utover vesentlege samfunnsinteresser.

### **Miljørettsprinsippa i naturmangfaldlova**

#### **§ 8 Kunnskapsgrunnlaget**

I samband med verneplan for Reinheimen er det utarbeidd eit tilfredsstillande kunnskapsgrunnlag for å kunne vurdere konsekvensane av tiltak. Det er ikkje registrert utvalde eller verdifulle naturtypar i området, som blir berørt av søknaden. Villreinen sin arealbruk er dokumentert i NINA rapport 643, Villreinen i Ottadalen - kunnskapsstatus og leveområde.

#### **§§ 9 og 10 «Føre var» og samla belastning**

Forvaltingsstyresmakta får ulike søknader om motorferdsel i samband med ulike reportasjeoppdrag og filmprosjekt. Når vesentlege samfunnsinteresser ikkje står på spel bør ein vera føre var med å gje løyve til slike transportar. No om våren er det yngle- og parringstid for ulike artar. Det er såleis sett ein frist (før 20. apri) for når motorferdsel med snøskuter kan skje.

#### **§ 11 Kostnader ved redusert miljøkvalitet**

Ikkje relevant for søknaden.

#### **§ 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetoder**

Området er tilgjengeleg når Finndalsvegen opnar.

### **Konklusjon**

Det ligg ikkje vesentlege samfunnsinteresser eller omsyn til sikkerheit bak søknaden. Søknaden er i strid med gjeldande reglar for motorferdsel i landskapsvernområdet, og området er tilgjengeleg med bil i den tida Finndalsvegen er ope.

Forvaltaren vil derfor innstille på at det blir gjeve avslag på søknaden.